



Hardangerrådet iks



INNKALLING TIL MØTE I RÅDMANNSFORUM

Dato: Fredag 6.2.2026, Digitalt

Saker til handsaming:

RF-sak 01/26 Innkalling og sakliste

RF-sak 02/26 Godkjenning av referat 10.12.25 pr epost

RF-sak 03/26 Referat frå Hardangerrådet den 16.01.2026

RF-sak 04/26 Orienteringar

RF-sak 05/26 Godkjenning mandat Team Hardanger

RF-sak 06/26 Kjøp og tenester frå andre kommunar

RF-sak 07/26 Høyringar

- Forskrift om overnattingavgift
- Endring i vassdragsreguleringsloven og vannfallsrettighetsloven (felles konsesjonskraft)

RF-sak 08/26 Saker til Hardangerrådet

RF-sak 09/26 Saker som kjem til

**Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 48954550
Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.**

Kinsarvik 29.1.2026

**Thore Hopperstad /s
Leiar Rådmannsforum**

**Ann Irene Myrheim
dagleg leiar**



Hardangerrådet iks



REFERAT FRÅ MØTE I RÅDMANNSFORUM

10.desember 2025 pr. E-post

Svar frå: Magnus Steigedal, Eidfjord kommune - leiar
Thore Hopperstad, Ulvik herad
Anita Hesthamar, Kvam herad
Ole-Jørgen Jondahl, Ullensvang kommune

Saker til handsaming:

RF-sak 45/25 Innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling godkjent slik den ligg føre.

RF-sak 46/25 Godkjenning av referat HR og RF 05.12.2025

Vedtak:

Referat frå HR og RF 05.12.25 er godkjent slik det ligg føre.

RF-sak 47/25 Møteplan Rådmannsforum 2026

Vedtak:

Rådmannsforum vedtek framlagt møteplan 2026 med korrigering gjort pr. E-post

Rådmannsforum		Fredag 6.	Fredag 20.	Fredag 10.	Fredag 15.		Fredag 4.	Fredag 2.		Fredag 18.
		Digitalt	Kvam	Eidfjord Fellesmøte HR og Sunnhordland	Ulvik		Digitalt	Digitalt		Fellesmøte Jondal/Utne

RF-sak 48/25 Val av ny leiar Rådmannsforum 2026 - 2027

Vedtak:

Til leiar Rådmannsforum for 2026-2027 vert vald: Thore Hopperstad, Ulvik herad
Til nestleiar Rådmannsforum for 2026-2027 vert vald: Anita Hesthamar, Kvam herad

Kinsarvik 10.12.2025

Magnus Steigedal /s
Leiar Rådmannsforum

Ann Irene Myrheim
dagleg leiar



MØTEBOK Hardangerrådet

Dato: Fredag 16.1.2026
Klokka: 09.00 - 15.00
Stad: Heradstyresalen i Ulvik

Til stades:

Ulvik herad:	Ordfører Jens Olav Holven - rådsordfører
Ulvik herad:	Kommunedirektør Thore Hopperstad - leiar Rådmannsforum
Eidfjord kommune:	Ordfører Timo Knoch
Kvam herad:	Ordfører Torgeir Næss
Ullensvang kommune:	Ordfører Roald Aga Haug
Hardangerrådet iks:	Dagleg leiar Ann Irene Myrheim
	Konsulent Trude L. Rinaldo

Agenda:

09:00 - 11:30	Hardangerrådet sakshandsaming
11:30 - 12:15	Lunsj
12:15 - 15:00	Hardangerrådet sakshandsaming

Saker til handsaming:

HR-sak 1/26 Innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkallinga godkjent slik den ligg føre.

HR-sak 2/26 Godkjenning av møtebok frå Rådsmøte den 5.12.2025

Vedtak:

Møtebøkene godkjende slik dei ligg føre.

HR-sak 3/26 Meldingar

Meldingar innkome etter frist for utsending av styredokument:

- Medlemskap i Vest-Norges Brusselkontor

Vedtak:

Rådet tek meldingar om Vest i Øst og Vestlandsmøte 2026 til vitande.

Ved arrangement i Oslo vert det avtalt møter mellom våre ordførarar og departement iht konkrete saker.

Rådet ber administrasjonen undersøka om Hardangerrådet iks kan melda seg inn i Vest - Norges Brusselkontor på vegne av heile regionen.



HR-sak 4/26 Orienteringssaker

Orienteringssaker innkome etter frist for utsending av styredokument:

- Kraftturisme prosjektet
- Fiskeriturisme - Opprop mot ikraftreding 01.01.2026
- Arendalsuka 2026 - Invitasjon frå Fjordvegen Rv. 13

Vedtak:

- *Rådet tek orienteringane vedrørende Hardingtinger 2026 og Kraftturismeprojektet til vitande*
- *Administrasjonen set seg inn i opprop om fisketurisme, og lagar eit notat til rådet.*
- *Administrasjonen innhentar informasjon om deltaking på Arendalsveka 2026 gjennom pakkane på Vestlandsbåten i regi av Bergen Næringsråd. Til dømes kjøp av ½ pakke og moglegheiter for vidarealg til andre aktørar i Hardanger*

HR-sak 5/26 Nytt frå kommunane

Vedtak:

- *Informasjon vert teken til vitande.*
- *Hardangerrådet får oversendt brev frå Eidfjord kommune om uttale til behandlingstid for godkjenning av legar for felles tilslutning.*

HR-sak 6/26 Forankring og finansiering av felles prosjekt

Vedtak:

Hardangerrådet sluttar seg til at det vert etablert ei felles rutine for forankring, prioritering og handsaming av felles prosjekt og felles søknader i regionen.

1. *Felles prosjekt og søknader som omfattar fleire kommunar skal handsamast i Rådmannsforum og Hardangerrådet før individuell politisk handsaming.*
2. *Alle felles prosjekt skal ha avklart økonomi, bemanningsbehov og fordelingsnøkkel mellom kommunane før endeleg handsaming i dei einskilde kommunane.*
3. *Hardangerrådet ber kommunane leggja nødvendige midlar og personalressursar inn i sine budsjett og økonomiplanar for å sikra gjennomføring av prioriterte felles prosjekt.*

Ber administrasjonen førebu ei sak om fordelingsnøkkel.

**HR-sak 7/26****Interkommunalt samarbeid IKS / IPR****Vedtak:**

Rådet ber administrasjonen koma med ei saksutgreiing iht fordelingsnøkkelen mellom IKS og IPR basert på organisasjonen sine oppgåver.

HR-sak 8/26**Kjøp og tenester frå andre kommunar****Vedtak:**

Regionrådet ber Rådmannsforum identifisera område som eignar seg for interkommunalt samarbeid i Hardanger.

Me ber Rådmannsforum om ei vurdering av både moglege gevinstar, utfordringar og kva føresetnader som må vera på plass for å kunna realisera slike samarbeid.

Vidare ber me om ei samla oversikt over alle organisasjonar kommunane har medlemskap i, med sikte på å kartleggja kva medlemskap som i dag ikkje vert aktivt nytta eller følgt opp grunna manglande kapasitet, og om desse kan samordnast, prioriterast annleis eller eventuelt organiserast gjennom Hardangerrådet iks, som f.eks. Klimapartner.

HR-sak 9/26**Ikkje disponerte restmidlar****Vedtak:**

Ikkje disponerte restmidlar for 2025 inkl renter, vert lagt til administrativ disponering Hardangerrådet iks etter fråtrekk for løyving på kr 25 000.- til Hardanger Open jfr vedtak i sak HR-46/25 den 5.desember 2025.

HR-sak 10/26**Saker som kjem**

Ingen saker meldt

Møteboka godkjent 16.1.2026

Jens Olav Holven
Rådsordfører

Ann Irene Myrheim
Dagleg leiar/referent



Møtedato 6.2.2026

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

RF-Sak 4/26 Orienteringar

1. Turistbåten 2026 - 2027
Orientering vert gitt i møte.
2. Fellesmøte med Sunnhordland regionråd
Orientering vert gitt i møte.
3. Frå VLFK sine møte i januar 2026
 - [Fylkesutvalet 14.01.2026](#)
PS 11/2026 Høyringsuttale - redusert nedre grense i grunnrente- og naturressursskatten for vasskraft
[Sjå side 17 i protokoll](#)
 - [Hovedutval for samferdsel og mobilitet 21.01.2026](#)
RS 1/2026, Nyten av eit skredsikkert fylkesvegnett i Vestland
- analyse av Menon Economics AS
RS 5/2026, Oppstart av arbeidet med Nasjonal transportplan 2029-2040
RS 7/2026, Nasjonal rapport om vegnettet sin tilstand på riks- og fylkesveg
RS 9/2026, Ny reknemodell for skredfaktor - 2025
[Vert referert i protokoll](#)

Framlegg til vedtak:

Rådet tek orienteringane til vitande



Møtedato 6.2.2026

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

RF-Sak 5/26 Revidert mandat Team Hardanger

Vedtak:

Framlegg til vedtak:

Rådmannsforum godkjenner framlagt forslag til revidert mandat for Team Hardanger

Bakgrunn for saka:

Team Hardanger handsama i møte den 3.12.2025 Sak 1 Gjennomgang av mandat for Team Hardanger.

Ein ønskjer eit klart mandat og rolleforståing iht felles arbeid og oppgåver i Hardanger.

Team Hardanger har revidert sitt mandat for betre styrka kommunane og Hardanger sitt arbeid og samarbeid.

Saksopplysningar:

MANDAT TEAM HARDANGER

Oppdatert i Team Hardanger 03.12.25 til godkjenning i Rådmannsforum

Formål:

TH skal vera det sentrale faglege nettverket for næringsutvikling i Hardangerregionen gjennom samhandling, kompetansedeling og felles satsingar.

Nettverk og partnerskap

- ❖ TH er eit fagleg nettverk i Hardangerkommunane mellom næringskontaktane og etablerarrett- leiarane, Ullensvang næringshage, Hardanger og Voss Næringshage og Visit Hardangerfjord.
- ❖ TH har regionalt næringsarbeid med nyskaping, etableratenester og tilrettelegging som hovudfokus.
- ❖ TH sine medlemmer utfyller og utviklar kvarandre gjennom erfaringsutveksling, inspirasjon, motivasjon og kollegarettleing.
- ❖ TH er eit partnerskap som motiverer, inspirerer, støttar og gjev auka kompetanse for lokalt og regionalt næringsarbeid.

Oppgåver

- ❖ TH skal ha fokus på informasjon, tilrettelegging og rettleiing i utviklingsarbeidet i Hardangerregionen.
- ❖ TH skal halda kvarandre oppdaterte på aktuelle næringspolitiske og næringsutviklingstiltak som er på gang i kommunane/herada.
- ❖ TH skal halda seg oppdaterte på og samhandla med fylkeskommunale og statlege næringstrategiar og handlingsplanar.
- ❖ TH skal sjå på tvers av kommunegrenser i tiltak dei arbeider med til beste for regional utvikling.
- ❖ TH skal ha fokus på alle bransjar som vil medverka til å styrkja næringslivet i regionen.
- ❖ TH skal ta initiativ til regionale tiltak som kan styrkja eksisterande og som kan skapa nye verksemdar i regionen.
- ❖ TH skal ta initiativ til og leggja til rette for konkrete felles aktivitetar og koordinerande tiltak i samarbeid med næringslivet i regionen.
- ❖ TH kan ta initiativ til kurs og studieturar for næringsaktørane i regionen.

Samspelsreglar

- ❖ Nettverksleiinga går på omgang med 2 år om gongen mellom dei kommunale medlemmane. Det skal også veljast nestleiar for 2 år. Hardangerrådet held sekretariat for TH.
- ❖ Nettverksarbeidet er basert på openheit , støtte og tilitt mellom partane.
- ❖ Fellesprosjekt eller einskildtiltak som gir suksess i ein kommune er suksess for heile regionen
- ❖ Alle deltakarar i nettverket er ambassadørar for regionen.
- ❖ Alle partane har eige ansvar for eigen aktivitet i nettverket.
- ~~❖ Nettverksarbeid i einskildsaker kan omfatta alle eller nokre av deltakarane i TH.~~
- ❖ Deltakarane i TH informerer kvarandre om dei fellesprosjekt som vert etablerte. jmf vedtak i RF-sak 28/25 og HR-sak 28/25 Forankring felles prosjekt.

- ❖ Det skal vera rom for at det i einskilde saker er konkurranse mellom kommunane om t.d. etablering av næringsverksemd. Alle parter har likevel eit felles ansvar for at slik konkurranse ikkje går utover regionen sin samla interesse.
- ❖ Der det kan vera motstridande interesser innan nettverket, er det viktig at ein er open i forhold til det og møter problemstillingane i framkant.
- ❖ Det er viktig at det regionale arbeidet er godt forankra i den einskilde deltakar sin kommune/organisasjon til ei kvar tid.



Møtedato 6.2.2026

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

RF-Sak 6/26 Kjøp og tenester frå andre kommunar

Vedtak:

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Bakgrunn for saka:

Vedtak frå Hardangerrådet 16.1.2026 HR-sak 8/26:

Regionrådet ber Rådmannsforum identifisera område som eignar seg for interkommunalt samarbeid i Hardanger.

Me ber Rådmannsforum om ei vurdering av både moglege gevinstar, utfordringar og kva føresetnader som må vera på plass for å kunna realisera slike samarbeid.

Vidare ber me om ei samla oversikt over alle organisasjonar kommunane har medlemskap i, med sikte på å kartleggja kva medlemskap som i dag ikkje vert aktivt nytta eller følgt opp grunna manglande kapasitet, og om desse kan samordnast, prioriterast annleis eller eventuelt organiserast gjennom Hardangerrådet iks, som f.eks. Klimapartner.

Saksvedlegg:

Vedlegg 1: HR-sak 8/26

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

- Kommunelova kapittel 17 – Interkommunalt samarbeid
- Kommunelova kapittel 18 – Interkommunalt politisk råd
- Veileder om interkommunalt samarbeid (Kommunal- og distriktsdepartementet)
- Selskapsavtalen for Hardangerrådet IKS

Saksopplysningar:

Kommunane i Hardanger kjøper i dag ei rekkje tenester og konsulentoppdrag frå eksterne miljø, mellom anna frå større byar som Bergen. Dette gjeld særleg innan fagområde der det er

krevjande for kvar einskild kommune å byggja opp og halda ved lag tilstrekkeleg spesialkompetanse, til dømes innan jus, plan, IKT, økonomi og tekniske fag.

Det er reist spørsmål om kommunane i større grad kan løysa slike behov gjennom interkommunalt samarbeid, til dømes ved å dela på tilsette med spesialkompetanse eller etablera felles fagressursar. Ei slik tilnærming kan bidra til betre utnytting av samla kompetanse i regionen, styrkt fagmiljø, meir stabile leveransar av tenester og at kunnskap vert bygd og halden ved lag lokalt.

Saka vert lagd fram som ei prinsipiell drøftingssak om korleis kommunane i Hardanger kan vurdere alternative løysingar til kjøp av eksterne konsulenttenester, i tråd med måla om styrkt regional samhandling og meir berekraftig bruk av ressursar.

Fleire kommunar, både i Hardanger og elles i landet, opplever aukande press på tilgang til spesialisert kompetanse. Samstundes aukar kostnadene knytte til kjøp av konsulenttenester. Statlege styresmakter peikar i fleire samanhengar på interkommunalt samarbeid som eit verkemiddel for å styrkja fagmiljø, betre kvaliteten på tenestene og sikra meir effektiv ressursbruk (jf. rettleiing frå Kommunal- og distriktsdepartementet).

Ein viser til rapport utarbeid av Lund & co til KS oktober 2025 med tittel [“Forsterkede interkommunale samarbeid og kommunedelsutvalg”](#)

Vurderingar:

Det bør vurderast om og på kva fagområde det kan vera føremålstenleg å etablera meir systematisk samarbeid om kompetanseressursar i regionen. Moglege modellar kan vera deling av stillingar, vertskommunesamarbeid eller andre former for interkommunalt samarbeid etter kommunelova.

Ei slik tilnærming kan gje både faglege, organisatoriske og økonomiske gevinstar, men vil samstundes krevja avklaringar om styring, finansiering, arbeidsgjevaransvar og prioritering av ressursbruk.



Møtedato 16.01.2026

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

HR-sak 8/26 Kjøp og tenester frå andre kommunar

Framlegg til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak

Bakgrunn for saka:

Kommunane i Hardanger kjøper i dag ei rekkje tenester og konsulentoppdrag frå eksterne miljø, mellom anna frå større byar som Bergen. Dette gjeld særleg innan fagområde der det er krevjande for kvar einskild kommune å byggja opp og halda ved lag tilstrekkeleg spesialkompetanse, til dømes innan jus, plan, IKT, økonomi og tekniske fag.

Det er reist spørsmål om kommunane i større grad kan løysa slike behov gjennom interkommunalt samarbeid, til dømes ved å dela på tilsette med spesialkompetanse eller etablera felles fagressursar. Ei slik tilnærming kan bidra til betre utnytting av samla kompetanse i regionen, styrkt fagmiljø, meir stabile leveransar av tenester og at kunnskap vert bygd og halden ved lag lokalt.

Saka vert lagd fram som ei prinsipiell drøftingssak om korleis kommunane i Hardanger kan vurdere alternative løysingar til kjøp av eksterne konsulenttenester, i tråd med måla om styrkt regional samhandling og meir berekraftig bruk av ressursar.

Saksvedlegg:

Kjelder og fagleg grunnlag:

Artikkel frå [Hardanger.no](https://www.hardanger.no) 16.09.25

[Ynskjer å bli sterkare saman: Jus er eit fag det kan vera vanskeleg å sitja åleine med.](#)

Artikkel i KS den 27.11.2025

<https://www.ks.no/fagomrader/forskning-og-utvikling-fou/fou-rapporter/interkommunalt-samarbeid-gir-bedre-tjenester/>

Rapport frå KS og Lund & Co den oktober 2025

“Forsterkede interkommunale samarbeid og kommunedelsutvalg”

<https://www.ks.no/globalassets/fagomrader/demokrati-og-styring/2025-10-31-rap-ks-fou-fiks-lundogco-menon-rev.pdf>

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

- Kommunelova kapittel 17 – Interkommunalt samarbeid
- Kommunelova kapittel 18 – Interkommunalt politisk råd
- Veileder om interkommunalt samarbeid (Kommunal- og distriktsdepartementet)
- Selskapsavtalen for Hardangerrådet IKS

Saksopplysningar:

Fleire kommunar, både i Hardanger og elles i landet, opplever aukande press på tilgang til spesialisert kompetanse. Samstundes aukar kostnadene knytte til kjøp av konsulenttenester. Statlege styresmakter peikar i fleire samanhengar på interkommunalt samarbeid som eit verkemiddel for å styrkja fagmiljø, betre kvaliteten på tenestene og sikra meir effektiv ressursbruk (jf. rettleiing frå Kommunal- og distriktsdepartementet).

Vurderingar:

Det bør vurderast om og på kva fagområde det kan vera føremålstenleg å etablera meir systematisk samarbeid om kompetanseressursar i regionen. Moglege modellar kan vera deling av stillingar, vertskommunesamarbeid eller andre former for interkommunalt samarbeid etter kommunelova.

Ei slik tilnærming kan gje både faglege, organisatoriske og økonomiske gevinstar, men vil samstundes krevja avklaringar om styring, finansiering, arbeidsgjevaransvar og prioritering av ressursbruk.

Økonomisk konsekvens:

Saka har i seg sjølv ingen direkte økonomiske konsekvensar. Eventuelle økonomiske verknader vil vera avhengige av kva løysingar som eventuelt vert vurderte og føreslegne i seinare saker.



Møtedato 6.2.2026

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

RF-Sak 7/26

Høyringar

Vedtak:

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak

Bakgrunn for saka:

[Høring av forskrift om overnattingsavgift](#)

Nærings- og fiskeridepartementet sender med dette forslag til forskrift om overnattingsavgift til kommunene på høring. Forskriften utfyller lov om besøksbidrag (besøksbidragsloven). Det foreslås fritak fra overnattingsavgiften, regler om når de kommunale forskriftene kan tre i kraft, presiseringer om formidlingsselskapenes plikter og overgangsregler.

Høringsfrist: 07.04.2026

[Høring - Endringer i vannfallrettighetsloven og vassdragsreguleringsloven \(felles konsesjonskraftpris\)](#)

Energidepartementet sender på høring forslag til endringer i vannfallrettighetsloven og vassdragsreguleringsloven for å oppheve skillet i konsesjonskraftpris for konsesjoner gitt før og etter 10. april 1959.

Høringsfrist: 24.04.2026

Saksvedlegg:

Vedlegg 1: Høring om forslag til forskrift om overnattingsavgift til kommunene

Vedlegg 2: Høyringsnotat felles konsesjonskraftpris

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

Besøksbidragslova (2025)

Lov om konsesjon for rettigheter til vannfall mv. (vannfallrettighetsloven)
av 14. desember 1917 nr. 16

Lov om regulering og kraftutbygging i vassdrag (vassdragsreguleringsloven)
av 14. desember 1917 nr. 17

Saksopplysningar:

Overnattingsavgift:

Nærings- og fiskeridepartementet har sendt på høyring eit forslag til forskrift om overnattingsavgift til kommunane, heimla i besøksbidragslova (2025)

Hovudpunkta er:

- Kommunar med stor belastning frå reiseliv kan innføre ei overnattingsavgift på 3 % av overnattingsprisen (eks. mva)
- Inntektene skal øyremerkast reiselivsrelaterte fellesgode (toalett, stiar, søppel, tilrettelegging, natur- og kulturmiljø m.m.) Avgifta kan gjelde hotell, hytter, privat utleige, Airbnb m.m.
- Det blir nasjonale, avgrensa fritak, m.a.:
 - brakkehotell
 - skuleturar etter opplæringslova
 - mellombels bustad etter sosialtenestelova
 - dugnadsbaserte og ikkje-kommersielle
- Kommunane kan ikkje lage egne lokale fritak.
- Digitale plattformer (Airbnb, Booking m.fl.) får eit avklara ansvar for innkrevjing i visse tilfelle.
- Lova og forskrifta er planlagt å tre i kraft 1. juli 2026, og kommunar kan innføre avgifta frå 2027.
- For 2027 gjeld ei overgangsordning utan fast frist, slik at kommunane kan innføre avgifta når dei er klare.
- Før innføring må kommunen:
 - lage ein plan for bruk av inntektene
 - involvere næringslivet
 - få planen godkjend av departementet.

Konsesjonskraftpris:

Energidepartementet foreslår:

- Å fjerne skiljet mellom:
 - kraftverk med konsesjon før 1959 (i dag: individuell sjølvkost)
 - kraftverk etter 1959 (i dag: ED-pris)
- Innføre éin felles konsesjonskraftpris (ED-pris) for alle kraftverk.
- ED-prisen skal reknast ut frå gjennomsnittleg sjølvkost for alle kraftverk som har konsesjonskraftplikt (ikkje eit utval).

Formålet er:

- meir likebehandling
- meir føreseielege rammer
- mindre konflikt ved opprusting og utviding (O/U) av kraftverk

Vurderingar:

Overnattingsavgift:

1. Reelt handlingsrom for finansiering av fellesgode

Hardanger er tydeleg omtalt i lovas målgruppe: område med stor belastning frå reiseliv. Ordninga gir eit varig og føreseieleg finansieringsgrunnlag for:

- toalett, avfall, parkering
- stiar, utsiktspunkt, sikring og tilrettelegging
- natur- og kulturmiljøtiltak

→ Dette treff direkte kjende utfordringar i regionen.

2. Moglegheit for felles regional løysing

Departementet opnar for at fleire kommunar kan samarbeide om ein felles plan for bruken av midlane.

→ Dette passar godt for Hardanger som samla reisemål (Ullensvang, Ulvik, Eidfjord, Kvam), og styrkjer rolla til Hardangerrådet som koordinerande aktør.

3. Politisk krevjande, men fagleg godt grunngjeve

Avgifta:

- blir betalt av gjestene
- er låg (3 %)
- går ikkje til drift, men til synlege fellesgode

→ Fagleg er dette i tråd med prinsippa om:

- berekraftig reiseliv
- «besøkande skal bidra til kostnadene dei skapar» (jf. formålet i lova).

4. Viktig timing i 2026–2027

Skal Hardanger-kommunane kunne innføre avgift i 2027, må:

- planarbeid startast i 2026
- næringa involverast tidleg
- politiske prosessar koordinerast

Overgangsregelen gir fleksibilitet, men ikkje gratis tid.

Vurderingar fortsette:

Konsesjonskraftpris:

A) Konsesjonskraft (viktigaste direkte effekt)

I dag:

- Mange Hardanger-kommunar har gamle kraftverk → svært låg sjølvkost → svært rimeleg konsesjonskraft → høg gevinst ved sal.

Med ny ordning:

- Alle får ED-pris.
- For kommunar med gamle, billige kraftverk:
 - Konsesjonskrafta blir dyrare
 - Nettoinntekta frå konsesjonskraft går ned
- For kommunar med nyare/dyre kraftverk:
 - Konsesjonskrafta kan bli billigare
 - Inntekta kan auke

For Hardanger samla sett:

→ Sannsynleg noko svekka konsesjonskraftinntekt fordi regionen har mange gamle anlegg.

B) Eigedomsskatt på kraftverk

- Eigedomsskatt byggjer på taksert verdi av anlegget (lønsemd, produksjon, kostnader m.m.).
- Endra konsesjonskraftpris påverkar:
 - overskot i selskapa
 - og dermed takstgrunnlaget indirekte

Departementet vurderer at:

Samla effekt på eigedomsskatten for kommunane truleg blir liten.

For Hardanger:

→ Små utslag, litt opp nokre stader, litt ned andre stader.
→ Ikkje ei hovudkonsekvens av reforma.

C) Konsesjonsavgifter og heimfallsrelaterte ordningar

- Konsesjonsavgifter:
 - Blir ikkje endra av dette forslaget.
 - Held fram som før.
- Heimfall / heimfallsinntekter:
 - Blir ikkje rørt av forslaget.
 - Ligg fast etter eigne reglar.

→ Ingen direkte effekt av denne lovendringa.

D) Naturressursskatt

- Avheng av produksjonsvolum, ikkje av konsesjonskraftpris.
- Kan bli svakt påverka indirekte dersom investeringar/O/U blir påverka.

Departementet vurderer:

→ Samla effekt er liten

Den viktigaste strategiske effekten for Hardanger

Mindre risiko ved opprusting og utviding (O/U)

I dag:

- Nye investeringar i gamle kraftverk $\Rightarrow$ høgare sjølvkost $\Rightarrow$ brå inntektsfall for kommunen

Med ny ED-pris:

- Nye investeringar:
 - $\rightarrow$ Slår ikkje direkte ut lokalt
 - $\rightarrow$ Blir smurde tynt utover i nasjonalt snitt

$\rightarrow$ Dette:

- gjer kommunane mindre økonomisk sårbare
- gjer det lettare å seie ja til modernisering
- aukar sjansen for:
 - meir produksjon
 - meir effekt
 - meir eigedomsskatt og naturressursskatt over tid

Økonomisk konsekvens:

Inntektstype	Effekt
Konsesjonskraft	⚠ Truleg noko ned
Eigedomsskatt	$\approx$ Små endringar
Konsesjonsavgift	= Uendra
Heimfall	= Uendra
Naturressursskatt	$\approx$ Svært liten effekt

For Hardanger betyr forslaget truleg lågare direkte inntekt frå konsesjonskraft, men meir stabile og føreseielege rammer, og betre grunnlag for framtidig oppgradering av kraftverka, medan eigedomsskatt og andre kraftinntekter berre blir svakt eller ikkje påverka.



Møtedato 6.2.2026	Saksansvarleg Ann Irene Myrheim
-------------------	---------------------------------

RF-Sak

8/26

Saker til Hardangerrådet

Vedtak:

Framlegg til vedtak:

Rådmannsforum ber om fast punkt i sakslista til Hardangerrådet sine regionrådsmøter der leiar for Rådmannsforum legg frem "Nytt frå rådmannsforum"

Bakgrunn for saka:

Kommunedirektør og leiar av Rådmannsforum Thore Hopperstad legg fram forslag om fast sak på saklista til regionrådet.

"Nytt frå rådmannsforum", der rådmenn/kom.dir på førehand sender inn nytt frå kommunane av relevans for regionen, t.d.høyringar, planarbeid, utviklingsprosjekt, herunder EU-prosjekt etc.

Eit godt eksempel på saker som med fordel kunne vore gjennom rådet/rådmannsforum er KS sitt "Debatthefte", jfr. dei debattspørsmål som ligg i årets debatthefte.

Saksvedlegg:

KS-Debatthefte: <https://www.ks.no/om-ks/ks-spor/debatthefte-2026/>



Møtedato 06.02.2026	Saksansvarleg Ann Irene Myrheim
---------------------	---------------------------------

RF-Sak 09/26

Saker som kjem til

Vedtak:

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak

Bakgrunn for saka:

Ingen saker meldt

Saksvedlegg:

Vedlegg 1:

Vedlegg 2:

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

Saksopplysningar:

Vurderingar:

Økonomisk konsekvens: